



KOPI

Kallandsklubben hyttelag, v/ Roy Middleton

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/528 - 21/5519

Saksbehandlar:

Tore Henrik Øye

tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no

Dato:

17.06.2021

Referat frå møtet mellom hytteeigarar og Vaksdal kommune om forhold ved Kalland/Kallandsklubben - 11. mai 2021

Tid og stad: 11.05.21, Heradshuset på Dale, møterom 4- etasje kl. 13:00-14:00

Til stade:

- Tond Åkernes, hytteeigar, medlem i Kallandsklubben veglag og Kallandsklubben hyttelag.
- Gunnar Bruvik, hytteeigar og medlem i Kallandsklubben veglag og Kallandsklubben hyttelag.
- Atle Fasteland, kommunedirektør, Vaksdal kommune
- Tone Dale, rådgjevar, kart og oppmåling, Vaksdal kommune.
- Tore Henrik Øye, landbruksrådgjevar, Vaksdal kommune

Bakgrunnen for møtet var tidlegare kontakt mellom hytteeigarar og kommunen om utfordringar som har oppstått i Kallandsklubben etter eigarskifte på garden i 2019. Fleire hytteeigarar har tidlegare kontakta kommunen om ulike forhold, utan at desse har blitt fylgt opp av kommunen i tilstrekkeleg grad, etter hytteeigarane si meining.

Hytteeigarane på møtet streka under at dei har likt seg godt på Kallandsklubben, og meiner å vere viktige bidragsytarar til lokalsamfunnet. Situasjonen har no derimot vorte så vanskeleg at dei meiner kommunen må engasjere seg i saka.

Kommunedirektøren inviterte til møtet for å høyre om problemstillingane, som grunnlag for vidare prosess.

Følgjande forhold vart tekne opp:

- **Rettar/tinglyste rettar**

Det vart nemnt at det er fleire (tinglyste) rettar for hytteeigarar i området, mellom anna i Indste Kallandsvikja. Her er inntrykket at dagens grunneigar har ein arealbruk og praksis som gjer at rettane vert vanskelege å nytte, sjå nærare omtale i referatet.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00

Konto

Org.nr. 961 821 967

Kommunen peika på at slike rettsforhold ofte er av privatrettsleg karakter, og utanfor kommunen si mynde/sitt mandat.

- **Tilkomst til sjø i Indste Kallandsvikja**

Hytteieigarane opplyste at grunneigar har stengt tilkomst via sti frå Kallandsklubben med gjerde utan grind, grunna bruk av arealet til sauebeite. Stien er mykje nytta som tilkomst til Indste Kallandsvikja, i fylgje hytteieigarane, og dei meiner det er knytt vegrett til ferdsleåra i samband med rettar i sjøen. Samstundes vert det peika på ålmenn ferdslerett i utmark, jf. friluftsløva.

Hytteieigarar med avtalte rettar i Indste Kallandsvikja har hatt høve til å køyre med bil på privat veg ned til vika (avkøyring frå Eidslandsvegen) på bakgrunn av munnlege avtalar i 2019. Mot ei avgift, har dei fått kode til lås på kjetting over den private vegen. Grunneigar har no sett opp ny lås, som hytteieigarane kan få kode til gjennom signering av skriftleg avtale, som mellom anna justerer prisen og avgrensar tilgangen. Dette er ein kontrakt hytteieigarar ikkje kan akseptere/skrive under på, i følgje representantane på møtet (1 hytteieigar har inngått avtale). Forholdet vert sett på som privatrettsleg (referenten sin merknad).

- **Skilting**

Grunneigar har sett opp grind og skilt på privat veg frå Eidslandsvegen og ned til Indste Kallandsvikja. Hytteieigarane opplever ordlyden som streng og overdriven, og reagerer på formuleringa «Bondens lov». Skiltet seier vidare at tilkomsten vert stengt under lemming, som representerer ei avgrensing i høve til tidlegare.

- **Terrenginngrep i Grupo og utfylling i sjø**

Det vart vist til at grunneigar har gjennomført endring av terrenget i Grupo og fylt ut massar i sjø i Indste Kallandsvikja, med konsekvensar for private rettar (kan ikkje nyttast fullt ut). Dei stiller spørsmål ved om desse tiltaka er lovlege. Kommunen viste i dette høve til gjennomført synfaring med grunneigar i området og utsendt referat.

- **Kva er innmark og kva er utmark?**

Det vart vist til at grunneigar har planert og sådd til areal med gras i Grupo, og hytteieigarane meiner at det skjer dyrking og privatisering av området. Dei spurte om slike tiltak er lov, utan vidare. Samstundes opplever dei at grunneigar no definerer området som innmark, grunna «dyrking» og beiting, og soleis kan stengje for ålmenn ferdsle.

Landbruksrådgjevar viste til jordlova og kravet om å søkje ved dyrking, utan å ta direkte stilling til om aktiviteten i Grupo er dyrking. Det vart også vist til kommuneplanen med føresegnar og arealføremål (LNF og småbåthamn), som må følgjast ved gjennomføring av tiltak og endra bruk.

Når det gjeld ålmenn ferdsle i utmark og definisjonen mellom innmark og utmark, viste kommunen til friluftsløva, med generelle døme, utan å kome spesielt inn på situasjonen på Kalland. Dette må undersøkjast/avklarast nærare.

Med helsing

Atle Fasteland
Kommunedirektør

Tore Henrik Øye
Rådgjevar landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Kopi til:

Kallandsklubben hyttelag, v/ Roy
Middleton
Ronny Lilletvedt

Mottakrar:

Atle Fasteland
Gunnar Yrjan Bruvik
Tone Dale
Trond Åkernes

Flatane 10

5265

YTRE ARNA